

## Merknadsskjema

### 1. Offentleg ettersyn

### 2. Avgrensa høyring

<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan for Langeland B5,gnr. 324 bnr. 7, 90 mfl.
<b>Arealplan-ID</b>	1256 2016 0001
<b>Saksnummer</b>	15/2989
<b>Utarbeida av</b>	ABO Plan & Arkitektur AS
<b>Sist revidert</b>	26.10.2023

## Merknadsskjema – Offentleg ettersyn

<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan for Langeland B5, gnr. 324 bnr. 7, 90 mfl.
<b>Arealplan-ID</b>	1256 2016 0001
<b>Saksnummer</b>	15/2989
<b>Utarbeida av</b>	ABO Plan & Arkitektur AS
<b>Sist revidert</b>	26.10.2023

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillars kommentar	Endringar		
				Kart	Føresegner	Planomtale
<u>Private merknader:</u>						
1	Knut Arild Langeland Sagstadvegen 47a Gnr. 324 bnr. 5 05.05.2021 Dokumentnummer:	<ol style="list-style-type: none"> <li>Synar til at planområdet ligg tett opptil grensa til deira eigedom som er ein gard i drift. Dei har planar om å utvide drifta til områda Fagerdalen, Storeknappen, Litleknappen mm. Dei hadde tidlegare tilgang til denne delen av eigedomen via området Torvvegen som i dag er utbygd. Alternativ tilgang vart lagt via B5 og skogsvegen som er i forlenging av veg SV5 (no nemna f_V4) i plankartet.</li> <li>Ber om å få tinglyst vegrett til deira eigedom på vegane o_SKV1 og f_SV5 (no nemna o_KV1 og f_V4).</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vert teke til orientering. Tilgangen kan oppretthaldast via f_V4.</li> <li>Merknaden gjeld privatrettsleg avtale, som ikkje vert omfatta av reguleringsplanen.</li> </ol>			
2	Storeknappen Vel v/Kjartan Storsæt (leiar) 07.05.2021 Dokumentnummer:	<ol style="list-style-type: none"> <li>Syner til at det er etablert midlertidig sandleikeplass for Torvvegen på området ved BB1 som følge av tidlegare forseinka etablering av sandleikeplass på område F1 i reguleringsplan for Langeland og at det også i dette reguleringsforslaget er indikert sandleikeplass innanfor BBB1 (no nemnaBB1). Meiner omfanget av denne nye leikeplassen også bør ta omsyn til brukarar frå eksisterande bustadfelt. Leikeplassen vart godkjent av Meland kommune hausten 2011.</li> <li>Arealet for renovasjonsområde BRE1 (no nemna RA1) inngår allereie i eksisterande reguleringsplan for Langeland og kjem under verkeområdet for velforeininga Storeknappen Vel. I samband med utbygging av bustadfelt Langeland gard (no</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Leikeplass F1 i gjeldande reguleringsplan for Del av gnr 24 Langeland, planID 4631 20031126 er ferdig opparbeidd og skal tene som leikeplass for det feltet. Uteoppfallsareal f_UTE3 i reguleringsforslaget, skal tilhøyre det framtidige feltet. Når BB1 er bygd ut med bustader og uteoppfallsareal, vil det vere høve for alle å nytte området, men det vil høyre til BB1.</li> <li>Storleik på område for renovasjon er kontrollert og funnet stort nok for å kunne gjelde for både eksisterande og framtidig bustader. Revidert illustrasjonsplanen datert 17.10.2023 viser no 6 parkeringsplassar for gjesteparkering for nabofeltet i søndre del av BB1. I tillegg er det 5 gjesteparkingsplassar for BB1 ved nedkøyringa til parkeringsgarasjen.</li> <li>Ein reguleringsplan etter plan- og bygningslova er ein offentleg plan som fastsett korleis areala skal disponerast. For å gjennomføre reguleringsplanen kan det vere behov for å gjere privatrettslege avtalar, slik som i dette tilfelle. Tiltakshavar vil kontakte velforeininga vedk. dette. I planforslaget er veg o_KV1 foreslått som offentleg veg. Det inneber at når vegen er opparbeidd</li> </ol>			X(2)

		<p>Torvvegen) var dette området definert av tiltakshavar som areal for parkering /gjesteparkering i salsprospektet, og området er i aktiv bruk til dette formålet i dag. Det vart også frå velforeininga avtalt samleplass for bossdunkar for nedre del av Torvvegen med NGIR i tilknytning til området ved postkasser og trafo på same stad. Angitt regulering og bruk til fjernvarmeanlegg har ikkje vorte realisert. Meiner at dersom arealet skal kombinerast med renovasjonsområde med slikt arealbeslag for nytt bustadfelt må areal for BRE1 (no nemna RA1) utvidast tilsvarande mot nord for å oppretthalde same funksjonalitet for eksisterande bustadfelt med omsyn til både boss og ikkje minst kapasitet for gjesteparkering.</p> <p>3. Syner til at velforeininga Storeknappen Vel har ansvar for privat veg Torvvegen inkludert o_SKV1 ( no nemna o_KV1). Velforeininga/veglaget har ikkje vore forespurt om bruk eller vore involvert i prosess for detaljprosjektering for bruk av veg. Meiner oppgradering av dimensjonsklasse til Sa1 for o_SKV1 ( no nemna o_KV1) er naudsynt og forutset og effektive tiltak for å sikre tryggleik for uteområda ved tomannsbustader aust for vegen. Stillar spørsmål til i kva grad kommunen og tiltakshavar kan regulere og ta i bruk privat veg, kor Storeknappen Vel i dag ber ansvar og kost for drift og vedlikehald av vegen for andre partar/ formål/brukarar, utan vidare avklaringar eller formalitetar og eventuell overføring av risiko og ansvar.</p> <p>4. Velforeininga har tidlegare kome med innspel til kommunen ved høyring av første trafikksekringsplanen for Meland kommune, der det mellom anna er peika på behov for fartsgrensejustering i del av Fosseskarvegen frå Sagstadvegen til og med avkøyrse til Meland Aktiv. Meiner det er naudsynt med trafikksekringstiltak då det er dårlege og umerka overgangsmoglegheiter og høg hastigheit, samstundes som det er mykje aktivitet i samband med skule og idrett.</p>	<p>i samsvar med regulert standard, vil det bli halde ein overtakingsforretning med kommunen. Framtidig drift og vedlikehald av vegen vil då vere Alver kommunen sitt ansvar.</p> <p>4. Planforslaget regulerer nytt fortau på austsida av Fosseskarvegen. Alver kommune må vurdere nedsett fartsgrense og overgangsfelt på denne delen av vegen.</p> <p>5. I planforslaget er Torvvegen regulert til offentleg køyreveg med fortau, jf. óg kommentar til pkt. 3.</p> <p>6. I VA-rammeplanen som følgjer planforslaget er det beskrive løysing for handtering av overvatn. Bak nytt bygg i BB1 vil det bli bygd ein kanal som vert ført i dagen fram til f_UTE3, kor det skal etablerast fordrøyningsmagasin som vert knytt til overvassleidning som går til bekk lengre nede. Torvvegen skal utformast som flaumveg. Dette er vist som føresegnområde #3 i plankartet.</p> <p>7. Anleggsperioden vil bli gjort så kort som mogeleg av omsyn til fare for avrenning til Mjåtveitelva, jf. merknad frå Statsforvalteren vedk. elevemuslingar, og av omsyn til nabolaget. Dette er teke inn i føresegna, jf. 3.7.3.5.</p> <p>8. Det er teke inn i føresegnene krav om utarbeiding av ein Ytre miljøplan, som vil omhandle krav til anleggs- og driftsfasen for å unngå hendingar med uønska avrenning til vassdraget. Støy og støv vil også vere tema i Miljøplanen.</p> <p>9. Ved offentleg ettersyn viste planforslaget gjennomgåande fortau i nemnde avkøyrse. Til 2. gongs behandling er dette endra. Det er no regulert inn ny felles veg f_V5 til eksisterande bustader søraust for planområdet. Dette gjeld eigedomane gnr/bnr 324/7, 324/135, 324/71, 324/56 og 324/57. Vegen er utforma i samsvar med Statens vegvesen sin handbok N100 Veg- og gateutforming. Grunngevinga for endringa skuldast at tilkomstvegen til desse eigedomane frå Fv. 244 (no fv. 5308) vart regulert stengt med gjennomgåande gangsykkelveg i godkjend reguleringsplan for Fv. 564 Frekhaugkrysset inkl. utbetring av Fv 244 (no fv. 5308) Sagstadvegen (planID 125620170003), utan at eigedomane vart sikra ny tilkomst. Vestland fylkeskommune og eigar av gnr/bnr 324/7 har blitt einige om at ny tilkomst skal vera frå Torvvegen. Endringa vart send på avgrensa høyring til rørdre naboar og offentlege instansar i tida 14.07.2022 – 25.08.2022. Det kom inn 6 merknader til avgrensa høyring, jf. merknadsskjema for avgrensa høyring under.</p> <p>10. Jf. kommentar i pkt. 7.</p>	<p>X(9)</p>	<p>X(9)</p>	<p>X(9)</p>
--	--	---	---	-------------	-------------	-------------

		<p>5. I tidlegare vedtak i Meland kommune er det beskrive prosess for overtaking av drifts og vedlikehaldsansvar for veg og trafikklys-anlegg for definerte byggefelt i kommunen etter ferdigstilling av utbyggingsperiode. Byggefeltet Torvvegen er beskrive i denne oversikta. Utbyggingsarbeidet for feltet er ferdigstild med unntak av ein bustad og velforeininga ber kommunen om å gjennomføre slik overtaking med omsyn til drifts- og vedlikehaldsansvar for veg og veglysanlegg.</p> <p>6. Har opplevd fleire tilfelle med overvatn opp til &gt;30cm djupne og utvasking av veglegemet i området frå den planerte plassen ved BBB1 ( no nemna BB1) til området med planlagd avkøyring til nytt bustadfelt. Dette kjem som følge av overvatn frå BUT3 og BBB1 ( no nemna UTE3 og BB1) ved større nedbørsmengder. Spesielt etter avskoging og tømmertransport ut av området har dette forverra seg, og infiltrasjonen på tomte er betydeleg forringa i forskjell til tidlegare. Det må sikrast tilstrekkeleg funksjon og kapasitet på denne dreneringa og vassopptak frå terreng nord for området må handterast effektivt.</p> <p>7. Syner til at det i reguleringsforslaget er beskrive forslag til løysing for overskotsmassar og jordtipp med eit av alternativa på landbruksmarka ved feltet. Bebruarane i Torvvegen har hatt ulempa med tidlegare jordtipp og etablering av ny mark på område L1. Resultatet er no bra, men perioden med opparbeiding og deponering av blautmyr-massar var direkte færlig for born i området og medførte stor grad av tilgrising av veg, mekanisk slitasje på veglegeme og avrenning av slam. Velforeininga ønsker ikkje nye 5 år med jordtipp i tilknytning til feltet. Den nemnde jordtippen på Langeland har vore ein belastning over ein lenger periode for alle i nærområdet og bruken har som kommunen allereie kjenner vore langt utanfor godkjende rammer og med sær høg belastning og risiko for trafikksituasjonen og bebruarar i området rundt, med tunge</p>				
--	--	---	--	--	--	--

		<p>køyretøy, støy, støv og også visuelt skjemmande løysingar.</p> <p>8. Støvproblematikk under utbygging og drift av veg fram til asfaltering er ein kjent problemstilling og det må i gjennomføringsplanen sikrast klare forutsetningar for oppfølging av dette.</p> <p>9. Syner til stikkveg/landbruksveg sør-aust for tomannsbustader i Torvvegen, som er tilknyta Sagstadvegen og bustadane der. Det er her etablert privat skilting om gjennomkøyring forbode for andre enn faste bebuarar i Sagstadvegen, men denne vert i liten grad registrert- og respektert i dag. Med auka trafikkbelastning på oppgradert veg o_SKV1 (no nemna o_KV1), må det gjennomførast trafikk-sikringstiltak for å unngå risiko i denne avkøyringa som ikkje er berekna som gjennomkøyringsveg. Her har ein allereie opplevd situasjonar med nære påkøyrslar av fotgjengarar.</p> <p>10. Ønskjer at det vert avklara tidsramme- og rekkefølgekrav for igangsetjing og ferdigstilling av tomter og infrastruktur for det regulerte området, for å unngå at anleggsarbeid, tungtrafikk og belastning knyta til dette strekker seg over år.</p>				
<u>Høyringsinstansar:</u>						
1	Vestland fylkeskommune 10.05.2021 Dokumentnummer:	<p>1. Meiner planområdet ligg godt lokalisert for å fremme gang- og sykkelmobilitet i kvardagen.</p> <p>2. Viser til Statens vegvesen si uttale til varsel om oppstart, kor dei kravde at det måtte etablerast eit separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 (no fv. 5308) Sagstadvegen for bustadområdet kan byggast ut. Meiner rekkefølgekrava i punkt 3.11.1. a) (v/off. ettersyn) med krav om opparbeidd tilbod for gåande og syklande jf. vedteke reguleringsplan fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244, tek i vare dette kravet.</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p> <p>2. Vert teke til orientering. I samråd med fylkeskommunen og kommunen er dette rekkefølgekravet er justert litt til 2. gangs behandling. Det er no sett krav om at separat tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 Sagstadvegen, frå kryss med Rosslandsvegen til kryss med Fosseskarvegen, skal vere på plass før det kan gjevast løyve til igangsetting av bustader og næringsbygg. Utbygging av infrastruktur i feltet kan skje parallelt med bygging av gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen.</p> <p>3. Vert teke til orientering.</p> <p>4. Vert teke til følge. Er teke inn i rekkefølgekrava.</p> <p>5. Vert teke til orientering.</p> <p>6. Vert teke til orientering. Steingard som ligg i grensa i nordvest blir ivareteke med 4 m byggjegrænse mot nabogrense. Her er det no teke inn</p>	X(6)	X(2)	X(4)

		<p>3. Viser til at Statens vegvesen meinte at planområdet burde utvidast til å omfatte fv. 244 (no fv. 5308) frå kryss med Fossekervegen til kryss med fv. 564 på Frekhaug. Meiner dette er ivareteke med plan 125620170003.</p> <p>4. Viser til at det er regulert fortau langs Fossekervegen i aust, som nok skal koplast på utbetringa av fv. 5308 (tidlegare 244) Sagstadvegen. Då det er lagt inn rekefølgjekrav om opparbeidinga av Sagstadvegen, meiner dei det og bør vera krav om opparbeiding av fortau o_SF9 (no nemna o_FO1 før igangsetjingsløyve.</p> <p>5. Skuleveg er ikkje nemnd i forbindelse med planen, men dei vurderer at trafikktryggleiken for mjuke trafikantar ved kryssing av Sagstadvegen er ivareteke.</p> <p>6. Har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet og har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.</p> <p>7. Gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.</p> <p>8. Konklusjon er at Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.</p>	<p>omsynssone H570 «Bevaring kulturmiljø» med føresegn om at steingarden skal takast vare på.</p> <p>7. Vert teke til orientering.</p> <p>8. Vert teke til orientering.</p>			
2	Statsforvaltaren i Vestland 10.05.2021 Dokumentnummer	<p>1. Meiner plandokumenta er godt gjennomarbeidd, men har manglar kring sentrale vurderingar av naturmangfald. Statsforvaltaren har også merknad til vurdering/handtering av kantvegetasjon, landbruk og friluftsliv.</p> <p>2. Har vore i kontakt med kommunen for å tilby eit dialogmøte, men har ikkje fått svar, og såg det difor som naudsynt å fremje motsegn til reguleringsplan innan fristen.</p>	<p>1. Vert teke til orientering. Til 2 gongs behandling er planforslaget oppdatert med ny vurdering av naturmangfald og tiltak er teke inn i plan og føresegn.</p> <p>2. Vert teke til orientering. Etter offentleg ettersyn har det vore dialog med Statsforvaltaren for løyse motsegns punkta og ein har kome fram til løysing Statsforvaltaren kan akseptere, jf. utgreiing i punkta under.</p> <p>3. Vert teke til orientering.</p> <p>4. Vert teke til følgje. Etter offentleg ettersyn har VA-konsulent Haugen VVA utarbeidd løysing med sedimenteringsbasseng som skal hindre avrenning til bekken i planområdet, som har avrenning vidare til Mjåtveitelva. Løysinga er kvalitetssikra av Rådgivende Biologer, som</p>	X(4)	X(4)	X(4)

		<p>3. Viser til at heile planområdet er innanfor nedbørsfelt til Mjåtveitvassdraget og 360 meter frå sjølve Mjåtveitelva og at det i planomtalen går fram at overvatn frå planområdet til slutt vil bli leia mot Mjåtveitelva. Er uroa over at bestanden av elvemusling i vassdraget kan verte ytterlegare råka av ureining. Meiner nedbørsfeltet til elva over tid er sterkt endra som følgje av ulike utbyggingar dei siste tjue åra og at den samla negative belastninga på vassdraget er stor. Både vasskvalitet og habitatkvalitet for livet i vassdraget er sterkt påverka. Elvemuslingen er nasjonalt raudlista som trua (VU), og bestanden i Mjåtveitelva må klassifiserast som kritisk trua.</p> <p>4. Viser til at moglege konsekvensar av utbygginga for elvemusling og anna liv i Mjåtveitvassdraget ikkje er vurdert i planforslaget jf. naturmangfaldlova § 8 og 12, og heller ikkje omtala i ROS-analysen. Konsekvensane av utbygginga på vassdraget må utgreiast. Tiltak for å hindre avrenning av partikkelhalding overvatn (turbiditet ikkje overstige 1 FNU) må vere ein integrert del av planløysinga og tilhøyrande føresegnar jf. naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Forebyggjande tiltak som sedimenteringsbasseng mv. for å hindra skadeleg avrenning, må vere følgde opp mot rekkefylgjekrav, slik at dette er på plass før anleggsarbeid tek til. Vidare må det vere klare ansvarstilhøve for gjennomføring og finansiering for implementering, drift og vedlikehald av desse tiltaka i føresegn. Utbygging etter endeleg vedteken plan må overvakast av uavhengig konsulent/føretak med særleg kompetanse på vasskvalitet.</p> <p>5. Nyleg gjorde Mjåtveitlvens foreining og lokale fridykkarar funn av fleire elvemuslingar ovanfor det som er antatt å vere vandringshinder i Mjåtveitelva. Meiner at med dei nye funna av elvemusling har ein fått ein ny sjanse til å berga den unike bestanden av elvemusling i Mjåtveitelva. Habitatkvalitet og vasskvalitet i vassdraget må betrast, noko som ikkje vil vere mogleg</p>	<p>har utarbeida Notat «<i>Vurdering av påvirkning på Mjåtveitelva ved eventuell utbygging av bustad og næring på Langeland i Alver kommune.</i>» datert 22.12.2022.</p> <p>I brev av 30.03.2022 skriv Statsforvaltaren at bekken i planområdet ikkje vert vurdert som like viktig for naturmangfaldet i Mjåtveitvassdraget som dei tidlegare la til grunn, ettersom det ikkje er årsikker vassføring i bekken. Dei kan akseptere at arealføremålet og tiltaka for bekkearealet og N/T vert som foreslått. Dei skriv og at dei kan godkjenne foreslått løysing for overvatnet i planområdet og at dette må innarbeidast i rekkefølgjeføresegna. Dette vart innarbeida i plankart og reguleringsføresegn som vart sendt på avgrensa høyring sommaren 2022 (sjå eige merknadsskjema lenger nede). Statsforvaltaren har etter det i brev av 16.08.2022 trekt motsegna, jf. merknadsskjema for avgrensa høyring under.</p> <p>Til 2. gongs behandling er plandokumenta oppdatert i samsvar med dette.</p> <p>Omsynssone «<i>Bevaring naturmiljø</i>» er utvida til og å omfatte foreslått løysing med permanente sedimenteringsbasseng. Byggegrensa som tidlegare låg i formåls grensa, er no flytta 4 m frå formåls grensa og elv/sedimenteringsbasseng.</p> <p>Reguleringsføresegna er oppdatert i samsvar med aksepterte tiltak. Løysinga inneber at ein i anleggsperioden sørger for at overflatevatn frå nedslagsfeltet utanfor planområde B5, som i dag renn gjennom tiltaksområdet, vert fanga opp og leia i separate røyr forbi tiltaksområdet og fram til bekkeinntak ved Fosseskarsvegen. Det vil medføra at den opne bekken nedst i tiltaksområdet stort sett berre vil føra vatn som kjem frå sjølve tiltaksområdet. Det skal og i anleggsperioden byggast sedimenteringsbasseng i område N/T for å hindre avrenning til Mjåtveitelva.</p> <p>5. Vert teke til orientering.</p> <p>6. Vert teke delvis til følgje. I høyringsutkastet som låg på offentleg ettersyn var byggegrensa for N/T-området lagt i formåls grensa med føresegnar om at tverrsnittet på bekken må behaldast med same tverrsnitt for ikkje å minske kapasiteten. Omsynssone H560 – Bevaring naturmiljø var lagt med 5 m avstand til begge sider av bekken. I revidert plan er omsynssona utvida på austsida av bekken på landbruksområdet. Dette er gjort for å kunne etablere dammar i nedre del av bekken, slik det framgår av revidert situasjonsplan og VA-rammeplan, jf. avklart løysing med Statsforvaltaren i motsegnasaka. Byggegrensa for N/T-området er òg flytta frå formåls grensa og 5 m lengre vekk, slik at den fell saman med nordvestre avgrensing av omsynssona.</p> <p>I dialogen med Statsforvaltaren er det lagt opp til ei løysing med etablering av fangdammar/sedimenteringsbasseng. Ved og i dammane kan det setjast inn plantar, busker og tre som har ein bindande effekt på partiklar og anna biologisk materiale som i framtida vil koma frå nedslagsfeltet i og ved B5. I dammane vil det truleg fort etablera seg amfibiar og andre organismar som det tidlegare var så rikt av i</p>	X(6)	X(6)	X(6)
--	--	---	--	------	------	------

		<p>utan strenge og trygge føringar på eventuelle nye aktivitetar i nedbørsfeltet til Mjåtveitelva.</p> <p>6. Viser til at planen legg opp til å halde bekken i planområdet open og har lagt omsynssone «bevaring naturmiljø» i eit område rundt bekken. Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr jf. vassressurslova §11. Om dette skal fråvikast må det søkast dispensasjon frå vassressurslova. Statsforvaltaren meiner i utgangspunktet at kantvegetasjonen skal oppretthaldast langs bekken, og meiner difor at føresegna til omsynssona bør stadfeste at naturleg kantvegetasjon skal oppretthaldast i dette område. Dei meiner også at det er uheldig at kombinert formål går heilt ned til bekken, då dette kan føre til uklarheit kring kva området opnar for, og rår til at området nærast bekken får grøntformål.</p> <p>7. Viser til at delar av planområdet er registrert som fulldyrka areal. Dette er i hovudsak sett som LNF-formål, men tilkomstvegen går igjennom dette området og skal utvidast. Denne utvidinga vil omdisponere dyrka mark, og dei kan ikkje sjå at dette er omtalt. Plandokumenta må vere klar på kor mykje dyrka mark som vert omdisponert og kva konsekvensar dette vil ha for landbruket.</p> <p>8. Viser til at det går ein sti i kanten av planområdet i nordvest til Storeknappen, og at det ser ut som at den går litt innanfor og litt utanfor planområdet. Viser og til at det i planområdet er lagt til rette for at ein kan ta seg til Storeknappen gjennom bustadfeltet og gjennom G1 (no nemna f_BG1) nord i planområdet. Statsforvaltaren meiner likevel at ein i større grad burde forsøkt å lage eit grøntareal rundt den eksisterande stien, i staden for å bygge han ned. Påpeiker at Storeknappen er nærturterreng for mange, og at når ein ønsker å gå ut i naturen er det ein verdi at ein slepp å gå igjennom bustadfelt for å kome dit. Stien ligg i ytterkant av planområdet og dei meiner det</p>	<p>våtområdet der Fossemyra idrettspark no er etablert. (innspel frå Rådgivend biologer).</p> <p>7. Oversikt over dyrka mark som vert omdisponert, er tatt inn i planomtalen til 2. gangs behandling.</p> <p>8. Planforslaget viser nytt utgangspunkt for sti øvst i feltet. Fram til det punktet må ein nytta vegane i feltet. I tillegg kan det reetablerast ein sti utanfor plangrensa i nordvest. Den vil då bli liggjande på naboegedomen. Stien som i dag går der er eit relativt nytt tråkk.</p> <p>9. Sjå kommentar pkt. 4. Statsforvaltaren har i brev av 16.08.2022 trekt motsegna, jf. merknadsskjema for avgrensa høyring under.</p>			X(7)
--	--	---	--	--	--	------



		<p>ikkje burde vere eit stort problem å legge til rette for bevaring av stien. Eventuelt kan det settast rekkjefølgjekrav om flytting av stien om dette lar seg gjennomføre.</p> <p>9. Konklusjon: Statsforvaltaren i Vestland fremjar motsegn til reguleringsplan for Langeland B5. Motsegna gjeld manglande vurderingar kring avrenning til den kritisk trua elvemuslingen i Mjåtveitlva og er forankra i naturmangfaldlova.</p>				
3	<p>Statens vegvesen 10.05.2021 Dokumentnummer:</p>	<p>1. Orienterer om vegvesenet sitt ansvarsområde, statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, samt nullvisjon om drepne og hardt skadde i trafikken.</p> <p>2. Viser til føresegnene pkt. 3.11.1 (v/offentleg ettersyn). Føresegnene må rettast opp slik at ordlyden viser til nytt vegnummer som er Fv. 5308 Sagstadvegen.</p> <p>3. Etter Statens vegvesen si vurdering er tilhøve knytt til trafikktryggleik tilfredsstillande ivare tatt i dette planframlegget. Vi har ingen merknader til reguleringsplanen slik den no ligg føre.</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p> <p>2. Vert teke til følge. (§ 7.2.1.1 i rev. Føresegn til 2. gangs behandling)</p> <p>3. Vert teke til orientering.</p>		X(2)	
4	<p>Alver kommune Råd for menneske med nedsett funksjonsevne  19.04.2021  Dokumentnummer:</p>	<p>1. Viser til at det i saksutgreiinga går fram at det frå kommunen si side er stilt krav om at 50% av bueningane skal ha trinnfri tilkomst. Dette meiner dei er altfor lite, og i planarbeidet framover må det leggjast til grunn at ein langt større del, helst alle nybygde bueningar har trinnfri tilkomst. Meiner ein bustad ikkje berre skal fungera på innflyttingstidspunktet, men òg når dei som bur der går over i ein annan livsfase. Vidare skal bustaden ikkje berre vera open for dei som bur der, men òg t.d. for ein nabo i rullestol som kjem på besøk.</p> <p>2. I den vidare oppfølginga av planen må det leggjast vekt på universell utforming, medrekna trinnfri tilkomst. Mellom anna er det viktig å kunna koma inn med rullestol eller tvilling-barnevogn ikkje berre i blokkene, men òg i einbustader og rekkjehus.</p>	<p>1. I føresegnene er det sett krav om at min. 50% av bustadene skal få trinnfri tilkomst for rørslehemma. Dette kravet samsvarer med overordna føringar i kommuneplan for tidlegare Meland kommune.</p> <p>2. I føresegnene er det sett krav til utforming av uteopphaldsareal.</p>			
5	<p>Alver kommune Eldrerådet</p>	<p>1. Eldrerådet sluttar seg til utgreiinga og tidlegare vedtak i saka.</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p>			

	19.04.2021 Dokumentnummer:					
6	Alver kommune Ungdomsrådet  19.04.2021 Dokumentnummer:	1. Ungdomsrådet tok saka til orientering.	1. Vert teke til orientering.			
7	Alver kommune - avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit  10.03.2021 Dokumentnummer:	1. Meiner området kring Storeknappen er eit av få større friluftsområde kring Frekhaug, og at det er svært viktig å ta vare på og sikra tilkomst til dette området. Viser til at det i føresegnene til planen m.a. står at «sti til Storeknappen skal koplast til grønstruktur G1(no nemna f_BG1) og interne vegar i planområdet» før det kan gjevast løyve til igangsetting av nye bustader i BFS1-BFS6, BKS og BBB2 ( no nemna BF1-BF6, BK og BB2). Dei meiner det bør setjast som krav i føresegnene at tilkomst til stien skal skiltast heilt frå avkøyringa ved Fosseskarvegen og gjennom heile feltet fram til grønstruktur G1. 2. I teiknforklaringa til plankartet er det vist til turveg GTD, men dei kan ikkje finna denne att i kartet.	1. Skilting av turveg kan gjerast uavhengig av reguleringsplanen og er ikkje naudsynt å ta inn i føresegnene. 2. Turvegen til Storeknappen har fått formål blågrønstruktur f_BG1. Teiknforklaringa «Turveg» viser til annan turveg i plankartet.			
8	NVE 23.04.2021 Dokumentnummer	1. Viser til at det er ynskje om bistand frå NVE om skredfarevurderinga og oppheving av faresona sett i kommuneplan for Meland, og at det tidlegare har vore dialog knytt til skredfare og kvalitet på skredfarevurdering for planområdet. NVE vurderte i 2019 skredfare rapport utarbeidd av ABO Plan & Arkitektur AS og rådde kommunen til å få utarbeidd ein ny uavhengig rapport. Multiconsult har utarbeidd ein ny skredfare rapport, datert 17.01.2020, som friskmelder planområdet med omsyn til skredfare. NVE har ingen merknader til Multiconsult sin rapport, eller til konklusjonane i den. Skredfarevurderinga overprøver aktsendomsråde, og då også	1. Vert teke til orientering. 2. Flaumvegar framgår av VA-rammeplanen, som skal leggejast til grunn for vidare detaljprosjektering og rammesøknad. Torvvegen o_KV1 og ny tilkomstveg o_KV2 er flaumvegar. For å hindre at flaumvatn forsvinn ut på stader kor stor skade vil oppstå, skal det byggast kantstein på begge sider langs desse vegane. Til 2. gangs behandling er flaumvegar vist i plankartet som føresegnomsråde #3 med tilhøyrande føresegner, jf. § 6.3.	X(2)	X(2)	

		<p>omsynssoner i overordna plan som er basert på aktsemdområde.</p> <p>2. Viser til at NVE i si tilbakemelding 29.11.2019 peika på at bekkane/vassvegane bør takast hand om og først gjennom planområdet i opne og rett dimensjonerte løysingar. Viser til at løysinga er gjort greie for i ROS-analysen og VA-planen. Overvatn skal gå delvis i open kanal, men og lukka under Torvvegen. Meiner ein bør syne flaumvegane i plankartet, her under flaumvegar på overflata om lukka system skulle gå tett eller få for dårleg kapasitet.</p>			
9	BKK Nett AS 12.05.2021 Dokumentnummer:	<p>1. Viser til tidlegare uttale frå BKK Nett som står ved lag.</p> <p>2. Meiner det er sannsynleg at det vil vera behov for nettstasjon nr. 2 i feltet, og viser til at det berre er omtalet at det skal setjast av plass for den. Eksisterande nettstasjon BE (no nemna o_EA) er vist på plankartet og kan forsyne delar av feltet. Foreslår at ny nettstasjon kan plasserast ved BRE3 , evt. inne på eit av bustadområda i nærleiken.</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p> <p>2. Det har vore dialog med BKK om behov for ny nettstasjon og kvar den skal plasserast. BKK har i epost datert 09.09.2022 konkludert med at eksisterande nettstasjon med litt modifikasjon, kan straumforsyne heile feltet og at det då ikkje vil vere behov å regulere for ein ekstra nettstasjon i feltet.</p>		
10	Alver kommune Saksframlegg UDU	<p>1. Rådmannen sluttar seg i utgangspunktet til hovudgrepet med konsentrert busetnad og næringslokale. Planområdet ligg i felt B_5 i KPA der det skal leggjast til rette for høg utnytting.</p> <p>2. Rådmannen har ikkje innvendingar til byggjehøgde og utnytting. Føresegnene vil og gje eit godt grunnlag for å kunne stille krav til utforminga.</p> <p>3. Rådmannen ser at det kan vere nokre tomter som får utfordringar pga. bratt terreng, og vurderer at før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må det gå fram av planomtalen kva vurderingar som er gjort for terreng tilpassingar, og evt. sjå på om det er trong for ytterlegare tilpassingar.</p> <p>4. Rådmannen vurderer at føresegna sikrar tilstrekkeleg uteoppfallsareal for frittliggande busetnad BFS og konsentrert busetnad BKS (no nemna BF og BK). Kravet for blokkbebyggelse er 50 m<sup>2</sup> privat og 50 m<sup>2</sup> felles pr. bucing. I planforslaget var det foreslått 10 m<sup>2</sup> privat og 50 m<sup>2</sup> felles. Rådmannen viser til § 1.6.13 i KPA kor det vert opna for at i bymessig utbygging, kan høvet mellom privat og</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p> <p>2. Vert teke til orientering.</p> <p>3. Er teke til følgje. Vart lagt inn i planomtalen før utlegging til offentleg ettersyn.</p> <p>4. Er teke til følgje. Før utlegging til offentleg ettersyn, vart planforslaget endra slik at kvar bucing i BB1 og BB2 får til saman 100 m<sup>2</sup> privat og felles uteoppfallsareal. Etter offentleg ettersyn er tidlegare f_BUT2 endra til f_UTE2 og f_LEK4. G2 (no nemna BG) har også avgitt litt areal til f_LEK4. f_UTE2 tilhøyrar BB2 og f_LEK 4 skal vere nærleikeplass for store barn, for alle bustadene i planområdet.</p> <p>5. Vert teke til orientering.</p> <p>6. Er teke til følgje, jf. kommentar til pkt. 4. Var retta opp før utlegging på offentleg ettersyn.</p> <p>7. Før offentleg ettersyn vart overnatting teke ut frå kombinert formål.</p>		

		<p>felles MUA endrast i reguleringsplan, Rådmannen er ikkje negativ til at privatarealet vert nedjustert til 10 m<sup>2</sup>, men peikar på at det totale utearealet må oppretthaldast. For å få dette til å gå opp, kan tal bueningar måtte justerast i tråd med tilgjengeleg areal.</p> <p>5. Planforslaget viser ei utviding av plangrensa på om lag 0.9 daa innanfor tiltakshavar sin eigedom. Største delen av dette arealet er regulert til Grønstruktur. Rådmannen har ikkje innvendingar til denne utvidinga.</p> <p>6. Rådmannen vurderer at før planforslaget kan leggjast ut til offentleg ettersyn må samla MUA (privat og felles) for BB områda følgje KPA sine krav på 100 m<sup>2</sup> (privat/felles). Plandokumenta må oppdaterast i tråd med denne korrigeringa.</p> <p>7. Rådmannen har ikkje innvendingar til at det regulerast for bevertning og konferanse-lokale med tilhøyrande anlegg i N/T, men vil avvente å ta stilling til forslag om tilrettelegging for overnatting til 2. gangs behandling, då dette ikkje er vurdert i kommuneplanen.</p>				
--	--	--	--	--	--	--



## Merknadsskjema – Avgrensa høyring 14.07.2022 – 25.08.2022

<b>Plannamn</b>	Reguleringsplan for Langeland B5, gnr. 324 bnr. 7, 90 mfl.
<b>Arealplan-ID</b>	1256 2016 0001
<b>Saksnummer</b>	15/2989
<b>Utarbeida av</b>	ABO Plan & Arkitektur AS
<b>Sist revidert</b>	26.10.2023

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillars kommentar	Endringar		
				Kart	Føresegner	Planomtale
<u>Private merknader:</u>						
1	Ingrid A. Dale Sagstadvegen 69 5919 Frekhaug  Gnr/bnr 324/56  01.08.2022	<p>1. Dei har ikkje fått med seg at det tidlegare er vedtatt å stengje dagens avkjørsel frå Sagstadvegen. Dei kan ikkje godta dette. Grunngevinga er at dei har ein bratt bakke opp til huset sitt, kor dei må ha fart for å kome opp, sjølv om ein brøyta og strør sand. Med det nye alternativet, vert det ein krapp sving der bakken deira startar, slik at dei vil miste all fart. Dette vil vere ei risiko ved dagleg bruk, men spesielt for utrykkingskøyretøy på glatte vegar. Dei har brukt mykje pengar på denne vegen og ser ikkje noko anna alternativ plassering.</p> <p>2. Dei kan ikkje sjå å ha blitt informert om saka tidlegare.</p>	1.-2. Vert teke til orientering. Må svarast ut av Alver kommune.			
2	Frank Dale Sagstadvegen 67 5918 Frekhaug  Gnr/bnr 324/7  11.08.2022	<p>1. Informerer om e-post sendt til Vestland fylkeskommune v/Hege Løtvedt, der det vart påpeikt at det er ein konflikt mellom rekkefølgekrava i detaljplanen for Langeland B5 og krava i reguleringsplan for Frekhaugkrysset og Fv 5308 om stenging av avkjørsle for bebuarane i Sagstadvegen 63-71.</p> <p>2. Kan ikkje akseptere at bygging av krysset SV6 (no nemna f_V5) og oppgraderinga av o_SKV1 og SV6 (no nemna o_KV1 og f_V5) vert gjort i fleire fasar. Meiner det bør gjerast som eit samanhengande prosjekt. <u>Viser til e-post sendt til vegavdelinga i Vestland fylkeskommune:</u></p> <p>3. Viser til at det i føresegnene for reguleringsplan for Langeland B5 står at</p>	<p>1.-5. Frank Rune Dale er grunneigar for gnr/bnr 324/7 kor avkjørselen som vert stengd i reguleringsplan for Fv. 5308 ligg. I tillegg er han grunneigar og tiltakshavar for dette reguleringsplanforslaget for Langeland B5. Merknaden gjeld informasjon om innspel han har sendt fylkeskommunen vedk. deira krav om rekkjefølgjeføresegn for utbygging av Langeland B5 i forhold til utbetring av fylkesvegen.</p> <p>4.-5. Etter avgrensa høyring har det vore fellesmøte med Vestland fylkeskommune og Alver kommune. Fylkeskommunen har no akseptert at infrastrukturen i bustadfeltet kan opparbeidast parallelt med gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen . Justert rekkjefølgjekrav 7.2.1.1 vert då slik: <i>«Før det kan gjevast igangsettingsløyve av byggearbeid for bustader i BF1- BF6, BK, BB1-BB2 og næringsbygg i N/T i planområdet, skal separat tilbod for gåande og syklande langs Fv. 5308 Sagstadvegen, frå kryss med Rosslandvegen til kryss med Fosseskarvegen, vere opparbeidd jf. vedteke reguleringsplan , PlanID 1256 2017 0003. Opparbeiding av infrastruktur innanfor planområdet, så som</i></p>		X(4. – 5.)	


		<p>gang- og sykkelsti langs fylkesvegen mellom Frekhaug senter og Sagstad skule skal vere ferdigstild før infrastrukturarbeidet på bustadfeltet kan startast opp. Meiner at dette inneber at det ikkje kan byggast ny avkøyrsløse for eigedomane i Sagstadvegen 63-71, då denne avkøyrsløse er ein del av reguleringsplan for Langeland B5.</p> <p>4. Meiner det er svært uheldig for bebuarane i området at det er eit rekkefølgekrav på infrastrukturen for bustadfeltet, som gjer at dei vil få eit mykje lengre anleggsarbeid i området enn det som er naudsynt.</p> <p>5. Ber om at Vestland fylkeskommune skal revurdere rekkefølgekrava dei har kome med slik at infrastrukturbygginga i denne planen kan byggjast parallelt med gang- og sykkelsti langs fylkesvegen mellom Frekhaug senter og til Sagstad skule. Fordelen med dette, både for fylkeskommunen, bebuarane i området og han som tiltakshavar, vil vere mykje større enn ulempene, dersom ein samarbeider godt i byggefasen.</p>	<p><i>samferdselsanlegg, VAO-anlegg, renovasjonsanlegg og leike – og uteopphaldsareal, kan skje parallelt med bygging av gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen.»</i></p>			
3	<p>Storeknappen Velforening v/Kjartan Storsæt</p> <p>29.08.2022</p>	<p>1. Dersom rekkefølgekrava i planen skal følgast, inneber det at det nye krysset SV6 (no nemna f_V5) der bebuarane i Sagstadvegen 63-71 skal køyre inn på Torvvegen ikkje kan byggjast før arbeida med oppgradering av fylkesvegen frå Frekhaug senter er ferdigstild. Dette må då ha som følgje at det vert gjeve dispensasjon for bebuarane i Sagstadvegen 63-71 til å bruke eksisterande avkøyrsløse på fylkesvegen, dvs. krysse nytt fortau/sykkelsti for å kome inn på den nye fylkesvegen.</p> <p>2. Dersom det vert gjeve dispensasjon frå rekkefølgekravet om at infrastrukturen for B5 først kan byggast ut etter at Frekhaugkrysset og fylkesvegen til Sagstad skule er ferdigstild, slik at det nye krysset SV6 (no nemna f_V5) vert bygga før resten av infrastrukturen i B5, vil vi krevje at heile vegstrekninga av o_SKV1 (no nemna o_KV1) vert oppgradert i samsvar med planforslaget og at denne strekning vert</p>	<p>1./3. Det vert vist til merknad frå Frank Rune Dale over. Tiltakshavar ønskjer at utbygginga går parallelt.</p> <p>2. Vert teke til orientering. Sjå kommentar til merknad frå F.R. Dale over.</p>			

		<p>overtatt av kommunen før krysset SV6 (no nemna f_V5) tas i bruk.</p> <p>3. Dersom det vert gjeve dispensasjon i samsvar med pkt. 2 ovanfor, ser vi det som svært uheldig og lite ønskeleg at vi får ein mykje lengre utbyggingstid i området totalt. Først Frekhaugkrysset og fylkesvegen, og deretter infrastrukturen for B5. Vi ber derfor, som primært ønske, at rekkefølgekravet vert fjerna og at det vert gjeve moglegheit for at begge prosjekt kan gå parallelt</p>				
<u>Høyringsinstansar:</u>						
1	<p>NGIR</p> <p>14.07.2022</p>	<p>1. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad for dunkar.</p> <p>2. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar.</p> <p>3. NGIR påpeiker at det det er viktig at tilkomstveggar – til hentestadar - har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsveggar (for å unngå rygging).</p> <p>4. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane.</p> <p>5. Tilkomstveggar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.</p>	<p>1. Det er regulert to renovasjonsområde f_RA1 og 2 i plankartet (tidlegare nemna f_BRE 1 og 2). I tillegg er det opna for eit mogeleg tredje område innanfor BB2, jf. #2. Denne var tidlegare foreslått regulert som f_BRE3. Det er i RA1-2 sett av tilstrekkeleg areal for dunkar/nedgraven avfallsløysing, jf. dokumentasjon i planomtalen.</p> <p>2. Dette er teke inn i reguleringsføresegna.</p> <p>3. Er ivareteke i planforslaget.</p> <p>Vegar og kryss er dimensjonert for Lastebil L=12 m og krysset o_KV2 sør for BB2 og avkøyring ved f_RA1 er dimensjonert for at lastebil kan snu.</p> <p>Langs f_RA 2 er stigninga på veg o_KV2 om lag 3 %, som er innanfor krava frå NIGIR (6 %). Det er tilstrekkeleg vegbreidde til at personbil kan passere når tømning foregår.</p> <p>f_RA2 vert tilnærma plant.</p> <p>4. I føresegna er det krav om at uteopphaldsareal f_LEK2 (sandleikeplass) som ligg tvers overfor f_RA2, skal sikrast med gjerde og port.</p> <p>5. Vert ivareteke.</p> <p>Vegavdelinga</p>	X(1)		X(1)
2	<p>NVE</p> <p>23.08.2022</p>	<p>1. NVE har ingen merknader til endringane i detaljreguleringsplan for Langeland B5.</p> <p>2. Minner på oppmoding frå NVE sitt fråsegn til offentleg ettersyn av planen datert 23.04.2021. Der peika dei på at flaumvegane bør synast i plankartet, her under flaumveggar på overflata om lukka system skulle gå tett eller få for dårleg kapasitet.</p>	<p>1. Vert teke til orientering.</p> <p>2. Til 2. gangs behandling er flaumveg vist i plankartet som føresegnområde #3 med tilhøyrande føresegner, jf. § 6.3.2.: «<i>Vegane o_KV1 og nedre del av o_KV2 skal ha kantstein på begge sider av veggen grunna funksjon som flaumveg. jf. VA-rammeplanen.</i>»</p>	X(2)	X(2)	
3	<p>Statsforvaltaren i Vestland</p> <p>16.08.2022</p>	<p>1. Viser til brev frå kommunen datert 12.07.2022, der kommunen ber Statsforvaltaren om å vurdere å trekke</p>	<p>1./2. Vert teke til orientering.</p>			



		<p>motsegn til reguleringsplan for Langeland B5. Motsegna er knytt til vurdering og handtering av avrenning frå planområdet til Mjåtveitelva med kritisk trua elvemusling.</p> <p>2. Statsforvaltaren mottok 18.02.22 eit revidert forslag til handtering av avrenning til Mjåtveitelva. Dei vurderte då at det er viktig at handtering av avrenninga vert sikra i føresegnene og at det vert tatt gjentatte representative vassprøvar og utarbeida eit forslag til vasskvalitet basert på dette. Planforslaget er no oppdatert med føresegn, rekkefølgekrav og oppdatert VA-rammeplan, på ein slik måte at Statsforvaltaren kan trekke motsegna til planen.</p>				
--	--	--	--	--	--	--

# Merknadskart – Avgrensa høyring 14.07.2022 – 25.08.2022



## Endringskjema: Oppsummering av endringer av planforslag

Plankart	Reguleringsføresegner	Planomtale
<b>Offentleg ettersyn</b>		
<p>Endring etter offentlig ettersyn:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Ny veg f_V5 til eksisterande bustader søraust for planområdet. Dette gjeld eigedomane gnr/bnr 324/7, 324/135, 324/71, 324/56 og 324/57.</li> <li>Omsynssone Bevaring kulturmiljø H570 er teke inn i plankartet rundt steingard i grensa i nordvest.</li> <li>Omsynssone H560 Bevaring naturmiljø er utvida til og å omfatte sedimenteringsbasseng i bekk ved N/T og L, jf. VA-rammeplan.</li> <li>Byggegrensa i N/T mot elv, er justert til 5 meter frå formålsgrensa (samanfall med grense for omsynssone).</li> <li>Flaumveg er vist med føresegnområde #3 i plankartet.</li> <li>Liten justering av veg o_KV1 i kurve v/ f_UTE3, jf. avklaring med Vegavdelinga i møte 22.05.2023. Tidlegare annan veggrunn på gnr/bnr 324/105 er endra til bustad (BF8) med frisiktzone. Ei smal grøft vert annan veggrunn, jf. avklaring.</li> <li>Tidlegare f_BUT2 og ein mindre del av G2 er delt opp i f_UTE2 for BB2 og f_LEK4 – nærleikeplass for store barn for alle bustadene i planområdet.</li> </ol>	<p>Endring etter offentlig ettersyn:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Føresegn om å avgrense anleggstida er teke inn, jf. § 3.8.3.5.</li> <li>Krav om å utarbeide Ytre Miljøplan er teke inn i føresegnene, jf. 3.8.2.</li> <li>Føresegn om løysing for sedimenteringsbasseng/fangdammar i bekk ved N/T er teke inn i reguleringsføresegnene under Ytre Miljøplan. (§ 3.8.2)</li> <li>Ny felles veg f_V5 til eksisterande bustader søraust for planområdet. Dette gjeld eigedomane gnr/bnr 324/7, 324/135, 324/71, 324/56 og 324/57. (§ 8)</li> <li>Rekkjefølgjekrav til fortau o_FO1 langs Fosseskarvegen, jf. § 7.2.2.4) – c)</li> <li>Føresegner til omsynssone bevaring kulturmiljø for steingard, jf. § 5.2.2.</li> <li>Føresegn § 7.2.1.1 (tidl. 3.11.1.1.a) er oppdatert med nytt vegnummer for fylkesveg Sagstadvegen (frå fv. 244 til fv. 5308).</li> <li>Føresegn om flaumveg i o_KV1 og o_KV2 i §§ 6.3.</li> <li>Oppdaterte føresegner til uteoppfallsareal og leikeplassar i samsvar med endring i plankartet og illustrasjonsplan.</li> </ol>	<p>Endring etter offentlig ettersyn:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Parkering for naboer innafor BB1, jf. rev. illustrasjonsplan.</li> <li>Ny veg f_V5 til eksisterande bustader søraust for planområdet.</li> <li>Løysing for sedimenteringsbasseng i bekk ved N/T er omtalt i planomtalen.</li> <li>Oversikt over dyrka mark som vert omdisponert, er tatt inn i planomtalen.</li> <li>Omtale av energiløysingar og klimatiltak.</li> </ol>
<b>Avgrensa høyring</b>		
<p>Endring etter avgrensa høyring:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Tidlegare f_BRE3 er teke ut av plankartet og erstatta med #2 med mogelegheit for renovasjonsanlegg.</li> </ol>	<p>Endring etter avgrensa høyring:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Føresegner knytt til tidlegare renovasjonsanlegg BRE3, som no er erstatta av #2, er oppdatert.</li> <li>Justert rekkjefølgjekrav 7.2.1.1 vert slik: <i>Før det kan gjevast igangsettingsløyve av byggearbeid for bustader i BF1- BF6, BK, BB1- BB2 og næringsbygg i N/T i planområdet, skal separat tilbod for gåande og syklende langs Fv. 5308 Sagstadvegen, frå kryss med Rosslundvegen til kryss med Fosseskarvegen, vere opparbeidd jf. vedteke reguleringsplan , PlanID 1256 2017 0003. Opparbeiding av infrastruktur innanfor planområdet, så som samferdselsanlegg, VAO-anlegg, renovasjonsanlegg og leike – og</i></li> </ol>	<p>Endring etter avgrensa høyring:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Endring for renovasjonsanlegg er omtala.</li> </ol>

	<i>uteopphaldsareal, kan skje parallelt med bygging av gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen.</i>	
--	---	--